



Dette er ein merkedag i Kvinnherad Sparebank si historie.

Det 80 år gamle og velrenommerte banknamnet vil rett nok stå ved lag, som ei stifting, men SR-Bank i Stavanger overtar drifta, tilsette og bygningar i "kvinnhersbanken".

Ei æra i kvinnhersk bankhistorie er til ende.

– Vi samlar kreftene for å styrkja satsinga i Sunnhordland og Odda, skriv adm. banksjef Åsmund Kåre Rørvik i Kvinnherad Sparebank og adm. direktør Terje Vareberg i SR-Bank i eit brev til kundane sine.

Fusjonen mellom dei to bankane vart endeleg godkjent av Finansdepartementet sist veke, og alle formelle godkjenningar er dermed på plass framfor SR-Bank sitt inntog i Kvinnherad.

– Kunderådgjevarane vert dei same, lokale fullmakter vert styrkja og alle kontora skal vidareførast i minst same omfang og storleik som i dag, heiter det i brevet frå dei to fusjonerte bankane.

Har du vore kunde i Kvinnherad Sparebank før får du behalda det same kontonummeret ditt, bankkortet, PIN-koden og anna som du har i dag. Du skal også bruka det same telefonnummeret som før, forutan at web-adressa til nettbanken er den same.

SpareBank 1 SR-Bank består av 39 tidlegare lokale sparebankar og har røter tilbake til 1839. Banken har dei siste åra satsa sterkt i Hordaland med etablering av fleire kontor i bergensregionen.

Avtalen som er inngått mellom dei to bankane inneber blant anna at Kvinnherad Sparebank blir omgjort til ei stifting, der verdiane inngår som kapital med om lag 350 millionar kroner.

Føremålet med stiftinga er å vidareføra sparebank-ideologien og medverka til utvikling gjennom økonomiske bidrag til allmenntilgjengelege føremål. Den opparbeidde kapitalen i Kvinnherad Sparebank vil såleis bli verande i banken sitt marknadsområde, skriv Åsmund Kåre Rørvik og Terje Vareberg.

Av Kristian Hus
HusnesNett

